

Migrasjon, polsk domstolsreform, brexit-beredskap og mobilitetspakken i Europaparlamentet

5. juli 2018

- *Det austrikske EU-formannskapet vil prioritere sikkerheit og ytre grensekontroll, men forbundskanslar Kurz vart kritisert for å snakke om migrasjonskrise framfor andre viktige saker*
- *Det europeiske Råd vart kritisert for manglande leiarskap og lite framgang i arbeidet med ein asylreform*
- *Kraftig kritikk av domstolsreforma i Polen, men den polske statsministeren ga ingen signal om retrett og svarte ikkje klart på om Polen vil respektere ei avgjerd frå EU-domstolen i dette spørsmålet*
- *EU ventar på britiske posisjonar i brexit og arbeider med beredskap for ulike utfall av forhandlingane*
- *Eit fleirtal i Europaparlamentet avviste posisjonen frå transportkomiteen knytt til mobilitetspakken som mellom anna gjeld reglar for kviletid for sjåførar og kabotasje, og komiteen må dermed behandle saken på nytt*

Det bulgarske og austrikske EU-formannskapet

Resultata til det bulgarske EU-formannskapet og planane til det austrikske var debattert i Europaparlamentet denne veka. Den bulgarske statsministeren Bojko Borisov sa Bulgaria kan vise til ei rekkje gode resultat det siste halvåret. Han la spesielt vekt på arbeidet mot landa på Vest-Balkan og sa det er viktig å integrere desse landa i EU. Land som Bosnia og Kosovo må likevel gjennomføre vidare reformer før dei er klare for medlemskap. Det siste EU-toppmøtet viste at EU kan levere på viktige saker. Det har skjedd stor framgang i reform av Dublin-avtalen og ein nærra seg semje om 4 rettsakter på dette området.

Både kommisjonspresident Jean-Claude Juncker og leiarane for dei største gruppene ga honnør til Bulgaria for eit godt gjennomført EU-formannskap. Mange viste til gode resultat knytt til Balkan og på energiområdet. Manfred Weber (sentrum-høgre gruppa (EPP), Tyskland) sa Bulgaria har viste at landet kan ta ansvar og at landet bør på kome med i Schengen. Samtidig vart Bulgaria og EU kritisert for å prøve å selje alle toppmøte som suksessar uansett utfall.

Det var på førehand spenning om debatten med forbundskanslar Sebastian Kurz om prioriteringane til det påtroppande austrikske formannskapet. Kurz la an ein EU-venleg tone og sa mellom anna at for hans generasjon er det ein sjølvfølgje at Austerrike er med i EU. EU må mellom anna arbeide for å sikre rettsstatsprinsipp og demokrati også framover. Indre og ytre sikkerheit er viktig for Austerrike og vidare integreringa av landa på Balkan er ein sentralt for dette. EU må sikre sine yttergrenser og stanse ulovleg migrasjon. Dette vil vere ein av hovudprioriteringane til det austrikske formannskapet. EU må arbeide for auka konkurransekraft mellom anna gjennom å utnytte den digitale økonomien. Det er viktig med ein orda uttreden for Storbritannia frå EU. Kurz ga ros til EUs forhandlingsleiar Michel Barnier for det arbeidet han gjer i forhandlingane.

I kommentarane frå dei store gruppene fekk Kurz støtte til behovet for å sikre yttergrensene, men fleire var skeptiske til at han snakka om ei migrasjonskrise. Fleire viste til at migrasjonstala nå er låge samanlikna med i 2015 og at det Europa nå opplever er ei politisk krise og ikkje ei migrasjonskrise. Det vart minna om at medan Europaparlamentet har ein klar posisjon om reforma av det europeisk asylsystemet, inkludert Dublin-regelverket, har Rådet ennå ikkje ein posisjon klar. Austerrike bør ha som mål å få på plass ein posisjon og sluttføre forhandlingane med Europaparlamentet. Kurz fekk også kritikk for å ville svekke lønns- og arbeidsvilkåra i landet. Mellom anna gjeld det framlegget om auka maksimal

arbeidsveke. Er dette å beskytte vanlege innbyggjarar fekk han retorisk spørsmål om? Det vart også vist til folk flest i Europa er meir urolege for både fattigdom, terror og klimaendring enn migrasjon.

Sjå elles [pressemeldinga](#) frå Europaparlamentet om debatten med den austerriske forbundskanslaren.

Resultat frå EU-toppmøtet

Migrasjon vart også hovudtema da Europaparlamentet drøfta resultata frå EU-toppmøtet med rådspresident *Donald Tusk* og kommisjonspresident *Jean-Claude Juncker*.

Europaparlametspresident *Antonio Tajani* minna ved opninga av debatten at EUs medlemsland ikkje måtte gløyme at EP ynskjer å behandle dei sju framlegga på asylområde som ein pakke. Rådet kan gjere vedtak ved vanleg kvalifisert fleirtal og treng ikkje ha semje for å gå vidare.

Tusk la vekt på at Det europeiske råd hadde drøfta ei rekkje saker. Han la spesielt vekt på semja om meir forsvarssamarbeid, styrking av bankunionen og eurosamarbeidet og støtte til Kommisjonens framlegg om meir kontroll med utanlandske direkteinvesteringar i strategiske viktige sektorer. Det er også full støtte Kommisjonen si line i handelkonflikten med USA. EU27-landa er uroa over manglande framgang knytt til brexit-forhandlingane. Det er mange utståande spørsmål og stadig mindre tid. Han vona den britiske regjeringa snart vil avklare sine posisjonar og dermed sikre framgang. Toppmøtet hadde samla seg om felles posisjonar knytt til migrasjon. Dette omfatta mellom anna støtta til og samarbeidet med Tyrkia og landa i Nord-Afrika, at redningsbåtar i Middelhavet må respektere internasjonal rett og at det kan oppretta ny type senter (disembarkement centres) for migrantar både EU og utanfor EU. Det er også viktig å samarbeide langsiktig med landa i Afrika for sikre utvikling og vekst der.

Juncker la også vekt på semja knytt til migrasjon. Det er viktig å auke den felles innsatsen for å overvake yttergrensene og grensepatruljane bør få auka mandat til å operere i medlemslanda etter fullmakt frå det enkelte land. Nye asylsentre i Nord-Afrika må ikkje vere nykolonialisme. Han var glad for semja om å styrke fondet for samarbeid med Afrika ytterlegare og vona at alle dei sju uteståande rettsaktene på asylområdet kan vedtakast i september. Det er viktig med semje om EUs langtidsbudsjett så raskt som mogleg for p unngå negative effektar til dømes for kontinuiteten i forskings- eller utdanningsprogramma. Han viste til manglande framgang i brexit-forhandlingane og sa EU har venta i månadvis på avklaringar frå den britiske regjeringa. Han understreka at ei løysing i Irland ikkje kan isolerast frå resten av forhandlingane eller vente til slutten.

Debatten som følgde vart i hovudsak ein migrasjonsdebatt og fleire av argumenta frå debatten med forbundskanslar Kurz vart repetert. Fleire skulda regjeringane i mellom anna Austerrike og Ungarn og også tyske CSU for å ville skyve migrasjonsproblema over på nabolanda. Visegradlanda (Polen, Slovakia, Tsjekkia og Ungarn) vart kritisert av *Udo Bullmann* (sentrum-venstre (S&D), Tyskland) for å krevje solidaritet når det gjeld EUs regional- og utjamningspolitikk, men ikkje ville vere solidariske på migrasjonsområdet. Andre ynskte velkomen dei politiske signala frå toppmøtet og frå dei nye regjeringane i både Austerrike og Italia. Dette toppmøtet markerte reetableringa av nasjonalstaten i Europa sa til dømes britisk *Nigel Farage* (ytre høgre (EFDD), Storbritannia).

Andre var uroa over manglande evne til å finne felles løysingar i Det europeiske råd. I dagens geopolitiske situasjon står Europa i aukande grad aleine, men ute av stand til å handle sa *Guy Verhofstadt* (den liberale gruppa, Belgia). *Cecilia Wikström* (den liberale gruppa, Sverige) sa Rådsmøtet hadde vore ei skuffing. Korleis kan Det europeiske råd tru at Marokko, Tunisia eller Albania skal kunne løyse migrasjonsutfordringa betre enn EU28 spurte ho retorisk?

Den norske statsministeren vart sitert i debatten. Etter sitt innlegg fekk Paulo Rangel (EPP, Portugal) spørsmål som viste til at det var eit stort migrasjonspress også i perioden før Schengen. Rangel sa den norske statsministeren i samtale med han førre veke hadde understreka at dagens situasjon er langt betre enn før Schengen-samarbeidet vart etablert. Det er viktig med streng grensekontroll og samarbeid med Afrika sa han.

Den polske statsministeren

Den polske statsministeren *Mateusz Morawiecki* var onsdag invitert til å drøfte EUs framtid med Europaparlamentet. Dette følgjer etter tilsvarande debattar med statsministrane frå både Luxembourg og Nederland og ikkje minst den franske presidenten. Debatten med Morawiecki vart – ikkje overraskande – nesten berre ein debatt om domstolsreforma i Polen.

I sitt hovudinnlegg kommenterte likevel ikkje Morawiecki den aktuelle saka direkte. Derimot viste han til den lange demokratiske tradisjonen i landet og introduserte omgrepene konstitusjonell pluralisme. EU har vore gjennom mange kriser dei siste åra og må endre kurs. EU må finne ein ny balanse mellom EU-institusjonane og medlemslanda. Samarbeidet bør vere ein union av nasjonalstatar og ikkje medfører stadig meir overføring av makt til Brussel. Den indre markanden bør utviklast og mellom anna bør tenestedirektivet reviderast for å vidareutvikle tenestesektoren. Det er viktig å kjempe mot skattesvik og aggressiv skatteplanlegging. Dette kan også gje rom for omfordeling til svake grupper. Der er nødvendig å innføre nye former for konkurransopolitikk i møte med dei globale storselskapene.

Jamvel om Polen har gjort store framsteg på miljø- og klimaområdet, bad han om forståing for at landet hadde eit anna utgangspunkt enn mange andre land gjennom den sterke dominansen til kol og tungindustri. Han åtvara mot North Stream-prosjektet som vil undergrave stabiliteten i EU og gje Russland stor makt. Han ynskte velkommen EUs styrke forsvarssamarbeid og sa Vesten må stå samla i møtet med russisk aggresjon. I tillegg til PESCO og forsvarsfondet er cybersikkerheit viktig.

Polen har kanskje så mange som 1,5 millionar ukrainske flyktningar i landet. EU vil oppleve eit aukande migrasjonspress i åra framover fra Midt-Austen og Afrika det er viktig å hindre ulovleg innvandring. Det er også viktig å prioritere tiltak for stabilitet og utvikling i desse områda og han tok til orde for ein Marshall-plan for Afrika. Han sa Polen gjerne vil bidra med meir enn sin relative del av BNP til dette. Han sa det er viktig at det nye langtidsbudsjettet til EU gje rom for å satse på nye utfordringar, men det må ikkje gå utover utjamnings- og regionalpolitikken.

Visepresident i Kommisjonen, *Valdis Dombrowskis*, viste i sitt innlegg til dei tette og nære banda mellom hans eige heimland Latvia og Polen og til sin respekt for det polske folket. Han viste også til at Polen er den desiderte største netto mottakaren av støtte frå EU og at dette har bidrige til modernisering av landet gjennom til dømes infrastrukturinvesteringar. Han minna også om at 77,6 prosent av det polske folket hadde sagt ja til EU-medlemskap folkeavrøystinga i 2003. EU-samarbeidet er basert på rettsstatsprinsippet, demokrati og respekt for grunnleggjande rettar. Dette er ikkje berre ein verdi i seg sjølv, men også basis for den gjensidige tilliten som er nødvendig for at resten av EU-samarbeidet skal fungere. Den polske regjeringa utfordrar dette ved at domstolsreforma svekkar maktfordelingsprinsippet. Han fekk applaus da han sa det er derfor domstolsreforma ikkje berre er eit nasjonalt spørsmål, men eit europeisk spørsmål.

Nesten alle innlegg i debatten kommenterte domstolsreforma. Mange understreka respekt for Polen og det polske folket og at kritikken gjaldt politikken til den polske regjeringa. Spesielt tydeleg i sin kritikk var *Manfred Weber* (sentrum høgre (EPP), Tyskland). Med den tyske historia i mente hadde han vore etterhalden med å kritisere den polske regjeringa. Som vald leiar for 219 EPP-representantar var det likevel hans plikt å kome med ein tydeleg bodskap. Kvifor er ikkje fjernsynsmedia i Polen frie? Kvifor blir dommarar sagt opp? Kvifor gjev EU-

domstolen Irland medhald i at det er tvil om polske borgarar kan få ein fri og uavhengig rettargang? Kvifor blir fredlege demonstrantar arrestert, medan valdelege nasjonalistar går fri? Korleis kan Brussel bli omtalt som det nye Moskva av det polske regjeringspartiet? Innlegget ditt var eit tapt høve til å klargjere sa Weber. Han viste til at Morawiecki hadde teke til orde for å styrke samarbeidet til dømes på energi, skatt og forsvar, men det er ofte Polen som blokkerer for vedtak i Rådet.

Også gruppeleiarane frå sentrum-venstre (S&D), dei liberale (ALDE), Dei grøne og ytre venstre (GUE/NGL) kom med kraftig kritikk av den polske regjeringa og oppmoda den om å revidere politikken. Fleire understreka at EU-samarbeidet er basert på verdiar og at ein ikkje kan drøfte EUs framtid utan at det er grunnleggjande tillit mellom landa. Fleire viste til at Polen alt på 1700-talet hadde innført ei grunnlov med maktfordeling som eit grunnleggjande prinsipp. Der er derfor merkeleg å påstå at reforma som nå blir gjennomført byggjer på polsk tradisjon. Statsministeren vart spurt om Polen ville respektere ei avgjerd frå EU-domstolen i spørsmålet om domstolsreforma. Det vart også stil spørsmål ved kor sjenerøs bistandspolitikken til Polen eigentleg er – det vart hevda landet berre brukar 0,1 % av BNP på bistand.

Berre den konservative gruppa (ECR) der det polske regjeringspartiet er med og dei to ytre høgre-gruppene (EFDD og ENF) støtta Polen. *Ryzard Legutko* (ECR, Polen) sa Europaparlamentet er håplaust forutsigbare og driv med Polen-trakkassering. Ingen lyttar til argument og dei andre gruppene spreier halvsanningar og løgner. Innlegg frå ytre høgre samanlikna EU med Nazi-Tyskland eller at EUs mål er å øydeleggje kristne verdiar, familieverdiane og opne for ei bølgje av muslimsk innvandring.

Morawiecki kommenterte delvis kritikken ved å vise til at målet med den senka pensjonsalderen er å ta eit oppgjer med dei siste delane av kommunistida. Han hevda fleire sittande dommarar hadde vore med på å dømme folk under det kommunistregimet og at det er heilt rimeleg å fjerne desse. Domstolane har aldri vore så uavhengige som nå og han viste til at også Den europeiske menneskerettsdomstolen har senka pensjonsalderen for sine dommarar. Polen respekterer EU-domstolen, men det er ikkje alle spørsmål domstolen har kompetanse til å avgjere. Han avviste også alle påstandar om at media i Polen ikkje er frie og uavhengige.

Sjå elles Europaparlamentets [pressemelding om debatten](#).

Møte i konstitusjonskomiteen om brexit

Konstitusjonskomiteen (AFCO) hadde 2. juli eit særskilt møte i Strasbourg om brexit. Direktør *Pascal Leardini* i Europakommisjonen beredskapsgruppe for brexit var invitert til å orientere om korleis Kommisjonen bur seg for ulike utfall av brexit-forhandlingane. I tillegg var Europaparlamentets brexit-koordinator *Guy Verhofstadt* invitert til å orientere om status i forhandlingane.

Leardini sa Kommisjonens tek utgangspunkt i at Storbritannia 30. mars neste år er ute av EU. Det har ein del konkrete konsekvensar uansett kva avtale som er på plass på det tidspunktet. I tillegg ser Kommisjonen også på kva andre førebuingar som må gjerast i fall det ikkje er ein avtale på plass. Han understreka at Kommisjonen ikkje forskotterer noko, men at det er nødvendig å sikre at EU27 er best mogleg budd på alle moglege utfall.

Kommisjonen arbeider for det fyrste med ein gjennomgang for å få oversikt over rettsakter som må tilpassast uansett og i tillegg rettsakter som eventuelt må endrast om det ikkje er ein avtale på plass. Dette omfattar både delegerte rettsakter som Kommisjonen har fullmakt til å endre, og rettsakter der Rådet og Parlamentet må gje samtykke til endring. Det omfattar framlegget til ny lokalisering av EUs legemiddelbyrå og EUs banktilsyn som skal flyttast frå

London til Amsterdam og Paris respektivt. Det er viktig å få dei formelle vedtaka raskt på plass for å sikre kontinuitet i drifta til desse byråa.

Det andre fokusområdet til Kommisjonen er informasjon til innbyggjar, næringsliv og andre aktørar. Kommisjonen har til nå lagt fram 66 notat med informasjon om konsekvensar for ulike sektorarar av brexit. Desse er meint å vere informative og faktabaserte. Dei gjev mellom informasjon til verksemder som er avhengige av sertifikat og lisensar som ikkje lengre kan bli utstedt i Storbritannia etter mars neste år.

I tillegg gjennomfører Kommisjonen også ei rekkje møter om tekniske aspekt av brexit med representantar frå EU27. Dette gjeld for alt frå toll og dyrefor til energi. Endeleg ser Kommisjonen på tilpassing av eit hundretals databaser og ikt-system. I nokre tilfelle er det enkelt å fjerne Storbritannia, i andre tilfelle komplisert.

Representanten frå Kommisjonen fekk ei rekkje spørsmål frå medlemmane i AFCO mellom anna knytt til kor stor sjanse det er for at det ikkje blir noko avtale og om det er gjort konsekvensvurderingar av effektane om det ikkje blir ein avtale. Den fekk også spørsmål om kor lang tid det ville ta å få på plass ei EØS-løysing dersom Storbritannia trass alt skulle ynske dette. Kommisjonen gjekk ikkje inn på spekulasjonar og slo fast at målet for Kommisjonen er å sikre eit best mogleg resultat for EU27.

Guy Verhofstadt deltok på siste del av møte og sa det nå er stor spenning til den meldinga som den britiske regjeringa har varsla 9. juli knytt om vegen vidare i brexit-forhandlingane. Parlamentets styringsgruppe vil møtes for å vurdere meldinga og AFCO vil bli informert om vurderingane. Det har vore framgang i brexit-forhandlingane på visse område. Samstundes manglar det konkrete løysingar knytt til løysingar på den irske grensa og den overordna styringa med den framtidige avtalen.

Han varsla eit brev til innanriksdepartementet i London med uteståande spørsmål knytt til rettar for borgarane. Dette gjeld mellom anna korleis Storbritannia vil utforme den uavhengige overvakkinga av korleis borgarrettane blir handheva etter brexit, korleis ulike sårbare grupper skal få hjelp til å sikre sine rettar og kva tidsfrist styresmaktene har til å svare på søknader (og der manglande svar innan fristen må bety samtykke). Han stilte også spørsmål ved avgifta på 65 pund som er varsla for å handsame søknadar frå EU-borgarar som vil fortsette å bu i Storbritannia.

Verhofstadt varsla eit møte saman med Rådet for å vurdere kor langt EU27-landa på si side har kome har kome i arbeidet med å sikre rettane til britiske borgarar etter brexit. Truleg er det mange land som ikkje er godt nok budd.

I det årlege bilaterale parlamentariske møtet mellom Sveits og Europaparlamentet 4. juli var også brexit-tema. Her deltok leiar i AFCO og medlem av EPs styringsgruppe for brexit, *Danuta Hübner* (EPP, Polen). Ho sa sjanske for at det ikkje vart semje om ein avtale mellom EU og Storbritannia hadde auka dei siste månadane.

Mobilitetspakken tilbake til komiteen

Transport- og turismekomiteen [vedtok i juni ein posisjon](#) knytt til den såkalla mobilitetspakken. [Et fleirtal i Plenum](#) avviste å starte forhandlingar med Rådet med utgangspunkt i denne posisjonen. Mobilitetspakken omfattar mellom anna framlegg til endringar i reglane for kviletid for sjåførar, reglar for kabotasje og reglar for utstasjonering av sjåførar. Det er eit ope spørsmål om komiteen vil ha ein ny posisjon klar i tide for at denne pakken kan vedtas av Rådet og Parlamentet før valet i mai neste år.

Kommentar

Det var moderate forventningar til det første bulgarske EU-formannskapet. Vurderinga er at landet klarte seg rimeleg bra og oppnådde gode resultat mellom anna for energi og knytt til

Vest-Balkan. Det er også avdempa forventningar til Romania som kjem etter Austerrike neste år og dermed desto større forventningar til at Austerrike skal bringe mange saker i hamn det inneverande halvåret. Det gjeld ikkje minst på migrasjonsområdet der mange er samsrundes usikre på om Austerrike vil klare å ta på seg ei nøytral leiarrolle. Forbundskanslar Kurz briljerte heller ikkje i debatten denne veka.

Migrasjon var elles eit gjennomgåande tema der spenningane i den tyske regjeringa og bilaterale diskusjonar mellom Austerrike, Tyskland og Ungarn danna bakteppe. Dei største gruppene i Parliamentet er stadig samla om at det er behov for ei felles europeisk løysing på asyl- og migrasjonsområdet. Tyngdepunktet i debatten er likevel flytta mange hakk i migrasjonsrestriktiv retning og ordbruken er langt tøffare enn for nokre år sidan. I synet på brexit-forhandlingane er Parliamentet stadig sameint og meiner den britiske regjeringa må kome med framlegg for å få framgang i forhandlingane. Debatten med den polske statsministeren bidrog ikkje til å dempe konflikten med EU. Det store fleirtalet i Brussel har inga forståing for den polske regjeringa som på si side i liten grad prøver å kommentere dei konkrete innvendingane. I staden spelar regjeringa på ei blanding av offerrolle og nasjonalisme. Utover debatten om domstolsreforma var det interessant at den polske statsministeren brukte så mykje tid på å snakke om styrka forsvarssamarbeid og –satsing.

Spekulasjonane om den framtidige samansetninga av partigruppene i Europaparlamentet etter valet neste år er i gang. Brexit fører til at dei britiske toryane går ut av EU og dermed til ei kraftig svekka ECR-gruppe. Samstundes er det ei viss tilnærming i politikken på migrasjonsområdet mellom konservative parti i land som Austerrike, Polen, Tyskland og Ungarn. Ein del har derfor spekulert på om det polske regjeringspartiet vil forsøke å nærme seg EPP. Manfred Webers tydelege kritikk av Polen i går gjør dette mindre sannsynleg. Det vart elles også lagt merke til at Sveriges Demokratenes europaparlamentarikarar meldte overgang frå ytre høgre-gruppa EFDD til ECR denne veka. Dansk Folkeparti tok det same steget etter førre val.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjøvar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no